



Bygging av omsorgssenter på Myroldhaug



"Meir verdigheit for den enkelte"

Prosjektbakgrunn:

Planlegginga av nytt helse- og omsorgssenter i Eid starta i 2001, i samband med at Eid kommune laga handlingsplan for eldreomsorga. I juni 2009 vedtok kommunestyret rom- og funksjonsprogram for nytt helse- og omsorgssenter. Den vedtekte planen frå 2009 ligg til grunn for første byggjesteget som startar opp i haust. I dei påfølgjande byggjestegeta er planen å samlokalisere pleie- og omsorgstenestene.

Fakta om utbygginga:

- Areal nybygg ca 4.000 m²
- Kostnad 170 mill. kroner inkl mva
- Husbanktilskot ca 65,4 mill. kr
- 4 avdelingar med eigne stover, kjøkken og matstove
- 40 bebuarrom
- Pasientheis i alle bebuarom
- Godt utbygd velferdsteknologi
- Trådlaust nett over heile bygget
- Kontor for lege
- Treningsrom/kontor for fysioterapeut
- Oppstart hausten 2015
- Ferdigstilt 1. mars 2017

Rom for omsorg

Etter ein årelang prosess er det gledeleg at bygging av nytt helse- og omsorgssenter no er igang. Omsorgssenteret som blir bygd på austsida av dagens Eid Sjukeheim får 40 heildøgns omsorgsplassar - alle med eigne bad, moderne standard og tilrettelagt for framtidens velferdsteknologi.

Nye fasilitetar vil bety enklare og betre arbeidstilhøve for dykk som tilsette - og eit liv med meir verdigheit for den enkelte bebuar. Inne blir bygget organisert i 4 mindre einingar med eigne stover, kjøkken og matstove. Romløysninga vil gje ein meir funksjonell kvardag både for dei eldre og tilsette, og eit meir heimeprega miljø for bebuarne. Det vil bli lagt tilrette for bruk av velferdsteknologi som hjelpemiddel, noko som blir ein viktig del av framtidens institusjonsteneste.

Dei 10 nyaste plassane på dagens Sjukeheim vil bli ståande i tillegg til dei nye 40 plassane, slik at det samla blir 50 heildøgns omsorgsplassar i det nye omsorgssenteret. Det er også lagt til rette for vidare utbygging av omsorgssenteret i nye byggesteget, til ein samla kapasitet på ca 100 plassar og samlokalisering av alle tenestene på området.

Forts. side 2.

Byggjeproess - framdrift

Eid kommune har inngått kontrakt med entreprenør Åsen & Øvrelid om bygging av det nye omsorgssenteret på Myroldhaug. Åsen & Øvrelid er blant dei største entreprenørverksemdene i Sogn og Fjordane, og har i seinare tid bygd omsorgsenter både på Skei og i Svelgen.

Praktisk informasjon, teikningar av fasadar og planløsning for bygget vil bli gjennomgått i eit eige informasjonsmøte for de som tilsette.

Overordna framdrift haust 2015

- | | |
|------------------------------------|--------------|
| - Rydding/sikring av anleggsområde | September |
| - Rigg anleggsmaskiner | 1. oktober |
| - Start arbeid med graving | 5. oktober |
| - Start betongarbeid | Okt/nov. |
| - Byggjetrinn 1 ferdigstilt | Februar 2017 |

Anleggsarbeid vil pågå måndag - torsdag frå kl 07.00 - 19.00. Fredag frå kl 07.00 - ca 16.00.



Har du spørsmål, ta kontakt!



Prosjekt: Nytt omsorgssenter

Torfinn Myklebust, prosjektleiar Eid kommune
Tlf 971 97 642
torfinn.myklebust@eid.kommune.no



Bjørnar Haveland, prosjektleiar entreprenør, Åsen & Øvrelid as
Tlf 98 28 89 05
bjornar.haveland@aasen-ovrelid.no



Eid kommune

A large, stylized logo for 'eid' in a grey, lowercase font. The letter 'i' has a small orange heart shape above it. The logo is partially obscured by a large, light grey abstract shape that resembles a stylized 'e' or a wave.